

## Uttale frå Jervprosjektet vedr. endring av viltlov og naudvergeparagraf

I Vest-Europa er det berre Noreg, Sverige og Finland som har jerv. Noreg har såleis omlag 35% av Europas bestand av jerv. Jerven er raudlista og klassifisert som ein direkte truga dyreart både i Noreg, Sverige og Finland. Biant dei store rovdyra står jerv bak dei største tapa av sau og tamrein i Noreg. Dette skuldast at jerven i hovudsak er eit fjelldyr der utbreiinga samsvarar med utbreiinga til tam- og vill rein. Det er også i hovudtrekk dei same fjellområda at det vert sleppt sau på beite utan tilsyn i sommarhalvåret.

Med omsyn til ordlyden i forslag til ny naudvergeparagraf er alle argument nemnt for gaupe også gyldige for jerv (sjå uttale frå Scandlynx). Fordi jerven sin utbreiing og leveområde i hovudsak er i område med stor sauebeiting og i nord også reinbeiting, vil jerv i høve til dei andre store rovdyra verta særleg utsett om lova vert vedteke slik forslaget står. Vår-, sommar- og tidleg haustavskyting vil også medføre fåre for at jervungar som ikkje er i stand til å klare seg sjølv vert morlause og såleis vil svelte i hel.

Fleire undersøkingar som er publisert i rapportar og i anerkjende internasjonale vitenskaplege tidskrift har vist at det så langt ikkje kan peikast på einiskilde individ som særskilde skadegjerarar. Det er såleis solid vitenskapelig dokumentasjon for at det i prinsippet kan argumenterast for at det vil vera direkte fare for tap av sau (og/eller tamrein) i dei fleste tilfelle der ein treff jerv innan jerven si utbreiing. Dersom forslaget til ordlyd vert gjeldande vil i praksis all jerv vera fredlaus. Dette vil stri mot dei vedtatte måla om å sikre biologisk mangfald, og det særskilde ansvaret overfor ein raudlista art som jerven.

Beste helsing

Arild Landa /s/  
Seniorforskar

### Referansar:

- Landa, A. 2002. Hvordan redusere tap til rovdyr? - Reindriftnytt (2): 56-57.
- Landa, A. 2002. Valg av beite og risiko for å bli drept av rovdyr. - Reindriftnytt (2): 10-11.
- Landa, A., Andersen, R. & Halgunset, I. 2001. Jerven - fjellets omstridte rovdyr. - s. 41-48 in Jaren, V. & Løvstad, J.P. (eds.) Utmarksbeite og store rovdyr. Delrapport 3 fra forskningsprogrammet Bruk og forvaltning av utmark. Norges forskningsråd, Oslo.
- Landa, A., Andersen, R. & Halgunset, I. 2001. Lav genetisk variasjon hos skandinaviske jerver. - 20-21 in Bevaring av biodiversitet - fra gener til landskap. Sluttrapport. NINAs strategiske instituttprogrammer 1996-2000. NINA Temahefte 17. Trondheim, Stiftelsen for naturforskning og kulturminneforskning.
- Landa, A., Andersen, R. & Halgunset, I. 2002. Jerven -naturarv med mange problemer. - 72-77 in Pedersen, H.C. & Jonsson, B. Bærekraftig høsting. NINAs strategisk institutt program 1996-2000. NINA Temahefte 18.
- Landa, A., Andersen, R., Halgunset, I., Henaug, C., Mathisen, J.H., Valnes, F., Fox, J.L., Holand, Ø. & Tveraa, T. 2001. Tapsrelaterte problemstillinger hos tamrein i Troms. - NINA Fagrapport 50. 44 pp. Trondheim, Stiftelsen for naturforskning og kulturminneforskning.
- Landa, A., Gudvangen, K., Swenson, J.E. & Røskaft, E. 1999. Factors associated with wolverine *Gulo gulo* predation on domestic sheep in south-central Norway. - Journal of Applied Ecology 36: 963-973.
- Landa, A., Lindén, M. and Kojola, I. 2000. Action Plan for the conservation of Wolverines (*Gulo gulo*) in Europe. Council of Europe Publishing, EU.

- Lande, U.S., Linnell, J., Herfindal, I., Salvatori, V., Brøseth, H., Andersen, R., Odden, J., Andrén, H., Karlsson, J., Willebrand, T., Persson, J., Landa, A., May, R., Dahle, B. & Swenson, J.E. 2003. Utredninger i forbindelse med den nye rovviltmeldingen - Potensielle leveområder for store rovdyr i Skandinavia : GIS - analyser på et økoregionalt nivå. - NINA Fagrapport 64. 31 pp.
- Linnell, J., Landa, A., Skogen, K., Hustad, H. & Andersen, R. 2003. Utredninger i forbindelse med ny rovviltmelding. Scenarier for en geografisk differensiert forvaltning av store rovdyr i Norge. - NINA Fagrapport 65. 43pp.
- May, R., Landa, A., van Dijk, J., Linnell, John D.C. & Andersen, R. 2006. Impact of infrastructure on habitat selection of wolverines *Gulo gulo*. - *Wildl. Biol.* 12(3): 285-295.
- Persson, J., Landa, A., Andersen, R. & Segerström, P. 2006. Reproductive characteristics of female wolverines (*Gulo gulo*) in Scandinavia. - *J. Mammal.* 87(1): 75-79.
- Sæther, B.-E., Engen, S., Persson, J., Brøseth, H., Landa, A. & Willebrand, T. 2005. Management strategies for the wolverine in Scandinavia. - *J. Wildl. Manag.* 69(3): 1001-1014.
- Vangen, K.M., Persson, J., Landa, A., Andersen, R. & Segerström, P. 2001. Characteristics of dispersal in wolverines. - *Can. J. Zool.* 79(9): 1641-1649.